



## Rutine for styremedlem m/ansvar for økonomiforvaltninga (controller).

Sist revidert:

12.12.2013

Styret har det overordna ansvaret for OIL sin økonomi. Eit av styremedlemma får hovudansvaret for økonomiforvaltninga til laget, og har følgjande arbeidsoppgåver:

- Saman med Dagleg leiar (DL) syta for at rekneskapen til OIL blir ført etter NIF sine gjeldande reglar for idrettslag , og rutinen for økonomiansvarlege i OIL).
- Saman med DL ha ansvar for at OIL rettar seg etter gjeldande reglar for skatt og avgifter. Frå og med mars 2010 har OIL m.a. to grupper som er mva. registrert (Fotballgruppa og Kunstgrasbanen i Fugledalen).
- Saman med DL utarbeida årsrekneskap og periodiske rekneskapsrapporter for styret slik det framgår av gjeldande organisasjonsplan.
- Saman med DL sørge for at OIL har oppdatert medlemsliste til ei kvar tid, og at det er ein god rutine for inn- og utmelding av medlem. Her er samspelet med gruppene svært viktig.
- Saman med DL syte for at det eksisterer oversikt over gjeldande avtaler, inkl. arkivering av originalavtalane. Som eksempel på avtaler kan nemnast:
  - Leigekontraktar
  - Trenarkontraktar
  - Utøvarkontraktar
  - Sponsoravtalar
- Saman med DL sørge for at det eksisterer oversikt over:
  - Rapporter som skal leverast til eksterne instansar inkl. tidsfristar. Som eksempel kan nemnast rapport til Osterøy Idrettsråd.
  - Kven/kor ein kan søkje om økonomiske midlar frå, inkl. tidsfristar. Som eksempel kan nemnast mva. refusjon etter forenkla modell.
- Saman med DL sørge for å fordeling av LAM, momsrefusjon, datakostnader og kostnader knytta til Fugledalen blir fordelt ut til gruppene.
- Følgjande fordelingsnøklar blir anvendt:
  - 1) LAM: blir fordelt etter antal medlemmar mellom 6 og 19 år.
  - 2) Momsrefusjon: blir fordelt etter %-vis etter kostnadane til dei ulike gruppene.
  - 3) Datakostnader: blir fordelt etter totalt antal medlemmar i gruppa.
  - 4) Fugledalen: blir fordelt 50% Fotballgruppe (leige), 20% Friidrett og HK (dekking lån), 5% Turn og Handball (dekking lån).
  - 5) Den mva. som fotballgruppa ikkje får refundert på leige, skal fordelast etter nøkkel nummer 4.